

Realitetar om esperanto
NEL-seminar, 19.–20. juni 2004
Jardar Eggesbø Abrahamsen

1. Kva kan du fortelja folk om Lev Tolstoj og esperanto? Korleis veit du at det er sant?
2. Kva kan du fortelja folk om Umberto Eco og esperanto? Korleis veit du at det er sant?
3. Kva kan du fortelja folk om Albert Einstein og esperanto? Korleis veit du at det er sant?
4. Kva tyder den grøne stjerna, kven fann henne opp, og korleis veit du dette?
5. Kva kan du fortelja folk om esperantos propedeutiske (lærings-førebuande) verdi? Korleis veit du det som du fortel?
6. Kor mange reglar har esperanto? Korleis veit du at det er sant?
7. Kva kan du fortelja folk om kor lett esperanto er å uttala for alle på jorda? Og kva kan du fortelja om forholdet mellom skrift og uttale i esperanto? Korleis veit du at dette er sant?
8. Til slutt skal du få døme på tre ulike kasussystem. Oppgåva er å koma fram til kva for eit språkssystem som er mest komplisert, og kva for eit som er mest lettlært/logisk.

1. Tolstoj

Det vert ofte hevda at Tolstoj lærte esperanto på to timar, og at han var ein ivrig tilhengjar av esperanto. Fordi Tolstoj var upopulær hjå tsaren, vart esperanto forbode.

Det som verkeleg skjedde, var dette: Tolstoj lærte ikkje språket esperanto på to timar, men han lærte å *lesa* det på to timar. Han formidla si støtte til esperanto i eit brev *på russisk*, som esperantistane deretter omsette til esperanto før publisering i bladet *La Esperantisto* i 1894. Tolstoj skreiv i brevet at ikkje-europearar absolutt bør læra fransk og tysk, og *kanskje* også engelsk og esperanto.

I *La Esperantisto* dukka det opp ei fast spalte som formidla Tolstojs ikkje spesielt politisk nøytrale samfunnssyn. Det dukka opp antiautoritære artiklar frå Tolstojs hand (omsette frå russisk) og i Tolstojs ånd. Dette førde til at tidsskriftet (ikkje språket) vart forbode i Russland i april 1895. Tolstoj sjølv tok straks kontakt med styresmaktene, og fekk dei til å oppheva forbodet, men då hadde tidsskriftet allereie måtta gå inn pga. dei økonomiske problema i forbodsperioden.

Kjelder: Sikosek: *Esperanto sen mitoj* (2. utg.) s. 163–164 og Lins: *La danĝera lingvo* s. 26–28.

2. Umberto Eco

Det vert ofte hevda at Umberto Eco er tilhengjar av esperanto, eller i alle fall av ideen bak esperanto.

Fakta er: I boka *Jakta på det perfekte språket* (1993), som handlar om europeisk kultur, har han eit kapittel der han tek føre seg «internasjonale hjelpespråk», og då fyrst og fremst esperanto. Eco forsvarar esperanto mot ein del åtak, men tek sjølv avstand frå dei finvenkistiske måla til esperantorørsla. Boka tek hovudsakleg føre seg teoretiske eventualitetar, og ser heller lite på dei faktiske realitetane rundt esperanto.

I drøftingane sine forhold Eco seg ikkje til moderne esperantologisk litteratur, korkje på esperanto, italiensk, engelsk, fransk eller tysk. Hovudkjelda hans om esperanto og andre planspråk er eit verk av Couturat og Leau frå 1903/07. Eco skil ikkje mellom planspråk som er i faktisk bruk, og planspråk som er reine skrivebordsprosjekt, som om han skulle tru at esperanto-språksamfunnet i dag er så lite at det i praksis ikkje skil seg frå slike ikkje-realiserte prosjekt. Eco bruker jamvel uttrykket «eit nytt Babel av internasjonale hjelpespråk».

Kjelde: Sikosek (2. utg.) s. 182–183.

3. Albert Einstein

Det vert gjerne hevda at Albert Einstein snakka esperanto, eller i alle fall at han likte esperanto, og snakka mykje om det. Einstein skal ha sagt (her sitert frå *Malŝlosilo*): «For internasjonal kommunikasjon er internasjonal forståelse ved hjelp av et internasjonalt språk ikke alene en nødvendighet, men en selvfølge. Esperanto er den beste løsningen på tanken om et internasjonalt språk.»

Saka er at dette sitatet har versert i fleire versjonar opp gjennom åra. Originalen (som er litt annleis) stammar frå *Leopold Einstein*, esperantist i Nürnberg, tidlegare volapükist som gjerne ville reformera esperanto, og som då òg brukte reformerte ord i læreboka si (t.d. *biĵop* for *episkop*).

Albert Einstein skreiv i eit brev i 1950 at han aldri hadde vore fordelaktig innstilt til esperanto. Men sjølv etter dette brevet heldt likevel folk fram med å hevda at Albert Einstein var esperanto-tilhengar, m.a. redaktør Simo Milojević i bladet *Esperanto*, som stødde seg til at eit slikt geni som Einstein naudsynleg berre *måtte* ha sansen for esperanto.

Kjelde: Sikosek (2. utg.) s. 81 og 168–170.

4. Den grønne stjerna

Det seiest at den grønne stjerna har fem taggar for dei fem verdsdelane, og grønfarge pga. håpet.

Saka er at den femtagga stjerna finst som generelt symbol i mange rørsler og samfunn, m.a. kommunisme, islam, svart magi, på det amerikanske flagget og på EU-flagget. Zamenhof sjølv visste ikkje kvar stjerna kom frå (brev 1911). I starten var stjerna ofte gul. Grønfargen vart føreslegen av iren A. Richard Henry Geoghegan. Han forklarte sidan Zamenhof at grønt var Irlands farge, medan Zamenhof hadde tenkt på håpets farge.

Kjelde: Sikosek (2. utg.) s. 95–96.

5. Propedeutisk verdi

Det vert ofte hevda at den som lærer esperanto fyrst, vil ha enklare for å læra andre språk etterpå. Det skal jamvel ha vorte gjennomført eit eksperiment som provar dette. Frå 1975 vart det eksperimentert med grunnskuleelevar i Tyskland. Ei spesialgruppe lærte esperanto i to år, deretter to år engelsk. Desse elevane vart deretter samanlikna med vanlege klasser, som lærte engelsk (utan esperanto) i fire år. Det viste seg då at esperantoklassa var flinkare i engelsk enn dei vanlege klassene.

Faktum er at esperantoklassa òg var flinkare i tysk (morsmålet), matematikk og geografi. Årsaka er enkel nok: Elevane i esperantoklassa lærte esperanto på ettermiddagskurs, og hadde vorte spesielt verva til dette. Dermed var dei i utgangspunktet alt anna enn representative som elevar.

Vidare: Å læra eitt språk fyrst er alltid noko som gjer det enklare å læra språk nr. 2. For ein nordmann kan det jamvel vera enklare å læra dansk (ikkje berre forstå, men læra samanhengane i språkssystemet skikkeleg) enn esperanto, og få like stor propedeutisk nytte av det når han deretter skal læra engelsk. Spørsmålet vil alltid vera: Kven (med kva slags morsmål) skal læra kva slags språk, og kva er då eit tenleg førebuande språk? Det finst ikkje eitt generelt svar på dette spørsmålet, for alt vil vera avhengig av situasjonen.

Renato Corsetti har sagt det omtrent slik: Samanliknar me engelsk og esperanto lingvistisk, kan eg ikkje derav forstå kvifor esperanto skulle hjelpa ein tyskar eller ein italiengar med å læra engelsk. Har esperanto ein fonologi som ligg midt mellom dei vesteuropeiske språka og engelsk? Har det fast ordstilling, slik som engelsk? Og korleis er det med ordtilfanget?

Kjelder: Sikosek (2. utg.) s. 225 og

http://ourworld.compuserve.com/Homepages/profcon/e_proped.htm

6. Reglar

Me seier ofte at esperanto berre har 16 reglar.

Sanninga er at boka *Fundamento de Esperanto* har formulert ein del reglar innanfor 16 paragrafar. Denne opplistinga av reglar handlar stort sett om korleis ord skal bøyast og skrivast, at trykket er på nest siste stavinga, osb. Men boka definerer korkje ‘trykk’ (er det reint tonalt? har det å gjera med lengdefenomen?) eller korleis t.d. imperativ skal brukast (som ordre? som oppmoding? som forpliktande form?). Dei 16 punkta er rett og slett ein pedagogisk presentasjon av nokre hovudtrekk av det slaget som folk vil møta på kurs. Sjølv språkssystemet er uendeleg mykje meir innfløkt.

Til dømes kan me på norsk seia *han gjekk for å eta* og *han snakka om å eta*, med infinitiv etter preposisjonane. På esperanto kan me bruka infinitiv etter preposisjon berre i det fyrste tilfellet: *li iris por manĝi*. Etter *pri* må me ha eit substantiv i staden: *li parolis pri manĝado*.

Det kan nemnast at det finst språk som ikkje har infinitivsform av verbet, og for dei som har eit slikt morsmål, er det sjølv sagt vanskelegare å forstå ikkje berre kva ein infinitiv er, men òg kvifor ulike preposisjonar oppfører seg ulikt. Heller ikkje nordmenn, som har infinitiv i språket sitt, kan forklara kvifor *por* og *pri* oppfører seg ulikt.

Eit anna døme er at verb aldri kan vera fyrste lekken i samansette ord på esperanto. Difor heiter det *lernolibro* og *montrifingro*, ikkje **lernilibro* eller **montrifingro* (der * tyder at forma er ugrammatisk).

Ingenting av dette kan ein lesa i dei 16 reglane i *Fundamento de Esperanto*, og knapt nok i nyare grammatikkar heller.

7. Uttale

Det er ikkje uvanleg å hevda at esperanto er enkelt å uttala for alle, med fråtrekk av japanarar, som vil ha problem med *r* og *l*. Det seiest òg at esperanto vert skrive som det vert uttala.

Skrift og tale

For å taka det siste fyrst: Esperanto vert ikkje uttala som det vert skrive. Sei orda *kiu kavo*. Legg merke til at dei to k-ane vert laga med tunga på ulike stader i munnen: Tunga er lenger framme i *kiu* enn i *kavo*. Dette gjer sjølv sagt ikkje noko, sidan desse to k-ane i esperanto ikkje skil mellom tydingar. Men på andre språk, t.d. sanskrit, er desse to k-lydane like ulike i funksjon som *p* og *b* i dei norske orda *pil* og *bil*.

Somme vil hevda at det er viktig å uttala n-en i *ankaŭ* som «rein *n*» fordi alt skal uttalast som det vert skrive, men heller ikkje *n* og *ng*-lyden skil mellom tydingar på esperanto, og det er ikkje viktig om ein seier «angkao» eller «ann-kaos». Skilnaden er berre at me nordmenn er vane med å tenkja på dei to n-lydane som veldig ulike lydar (fordi det er slik i norsk), slik som folk med andre språk som morsmål kan tenkja på dei to k-lydane som veldig ulike.

Faktisk er det slik i esperanto som i andre språk, at alle lydar vert påverka av nabolydane sine. K-ane og n-ane er berre to døme.

Eit tredje døme er ord som *ekzameno*, som vert uttala med *gz* (*egzameno*). Hadde ordet vore *egsameno*, ville det vore større sjanse for at det vart uttala *eksameno*. Dette er i tråd med universelle tendensar i det generelle fenomenet menneskespråk: Konsonantar som er i kontakt med kvarandre, vil veldig gjerne vera like stemde eller like ustemde (gjerner med unntak av *m*, *n*, *r* og *l* med sine respektive variantar, som oftare vil vera stemde uavhengig av omgjevningane).

I alle fall vert ikkje esperanto uttala som det vert skrive, og det vert ikkje skrive som det vert uttala. Derimot vert det skrive i tråd med det meir abstrakte, fonologiske systemet, altså ikkje den konkrete uttalen, men dei lydeiningane som ligg til grunn for den noko varierende konkrete uttalen.

Enkel uttale

Det er klart at dersom ein insisterer på å uttala *ekzameno* med tydeleg ustemd *k* og tydeleg stemd *z*, så insisterer ein på å uttala ordet stikk i strid med slik den menneskelege språkevena fungerer (medrekna både taleorgana og hjernen). Då vert det vanskeleg!

Dei fleste nordmenn som har gått på esperantokurs, har òg streva med å skilja mellom *s* og *z* også i andre samanhengar, som i ordet *griza*. Mange austlendingar kan ha problem med *ĝ*.

Når det gjeld *r* og *l*, som er vanskeleg for japanarar, er dette i røynda eit relativt lite problem, omtrent på line med *z* og *s* for nordmenn (skilnaden ligg i at nordmenn er *vane* med å tenkja at *r* og *l* er viktige, medan *s* og *z* er mindre viktige). Det som er vanskelegare, er at esperanto har såkalla komplekse opptakter, dvs. at ei staving kan taka til med opptil fleire konsonantar. Jamvel nordmenn har problem med *scias*, og seier gjerne *sias*. Men for mange språk er til og med eit ord som *klara* problematisk.

Det motsette av starten på ei staving er slutten på ei staving. Det som kjem etter vokalen i ei staving, vert gjerne omtala som *koda*, t.d. *p*-en i talordet *sep*, eller *ns* i preposisjonen *trans*. Også her er det ein tendens i verdas språk til å unngå fleire konsonantar etter kvarandre, men det er òg ein generell tendens til å unngå at noko som helst kjem etter vokalen i ei staving. Det vil seia at det mest optimale ordet i eit gjeve språk vil vera laga av ein konsonant + ein vokal + ein konsonant + ein vokal etc., og alltid ein vokal til slutt.

Det er ikkje utan grunn at italienarar gjerne uttalar talordet *sep* som *sepe*. Og då japansk lånte inn ordet *ice-cream* frå engelsk (to stavingar), vert det til *aisukuriimu* (fem stavingar, og utan at to konsonantar har kontakt med kvarandre). Då vert eit ord som *postskribo* nokså heftig, med fem konsonantar på rad!

Det som derimot er noko enklare i esperanto enn mange andre språk, er vokalane *a*, *e*, *i*, *o*, *u*. Dette er ikkje alle språk i verda som har akkurat desse fem vokalane, men dei fem er likevel dei vanlegaste vokalane i verda.

Det er òg eit lettlært trekk ved esperanto at trykket landar på nest siste staving (eit trekk som forresten òg finst i mange språk, t.d. swahili og polsk, og som baserer seg på forholdet mellom ordgrenser og rytmiske strukturar). Ein teoretisk vanske ligg i at sjølv omgrepet *trykk* er problematisk, for det tyder ulike ting i ulike språk. I praksis er det likevel ikkje nokon vanske, sidan me som menneske oppfattar meir eller mindre automatisk korleis andre signaliserer trykk, i alle fall når me elles snakkar det same språket, t.d. esperanto.

8. Kasus

Type A vert kalla *akkusativ-språk*. Dei har kasusane nominativ og akkusativ (og eventuelt fleire).

Type B vert kalla *ergativ-språk*. Dei har kasusane ergativ og absolutiv (og eventuelt fleire).

Type C vert kalla *aktiv-språk*. Dei har kasusane aktiv og inaktiv (og eventuelt fleire).

For oss nordmenn ser ergativ- og aktivspråk heller ulogiske ut. Me er vane med at subjekt skal stå i nominativ, same kva. Men kva er eit subjekt? Eit subjekt er den som utfører noko, eller er det det? Dersom eg ved eit uhell glid på isen, så gjer eg ikkje noko aktivt, eg vert berre utsett for ei gliding.

Det felles namnet på subjekt og objekt er *argument*. Eit transitivt verb har to argument (subjekt og objekt). Eit intransitivt verb har berre eitt argument (populært kalla «subjekt»). Og så kan me skilja mellom den som gjer noko, og den som ikkje gjer noko. Då ser dei tre språktypane slik ut (neste side):

TYPE A	den som gjer noko	den som ikkje gjer noko
ved intransitivt verb	nominativ	
ved transitivt verb		

TYPE B	den som gjer noko	den som ikkje gjer noko
ved intransitivt verb	ergativ	
ved transitivt verb		

TYPE C	den som gjer noko	den som ikkje gjer noko
ved intransitivt verb	aktiv	inaktiv
ved transitivt verb		

I type A vil argumentet til det intransitive verbet (*glid*) alltid ha same kasus som subjektet til det transitive verbet (*ser*).

I type B vil argumentet til det intransitive verbet (*glid*) alltid ha same kasus som objektet til det transitive verbet (*ser*, *vidas*), kjøtøks-figuren er berre motsett veg.

I type C vil den som gjer noko (*ser*, *glid med vilje på skeiser*), alltid ha ein annan kasus enn den som ikkje gjer noko (*glid ved eit uhell*).

Esperanto høyrer då saman med dei europeiske språka i det relativt «kompliserte» A-systemet. Det er tydelegvis type C som er «enklast». Og med «europeisk» meiner eg europeisk, ikkje indoeuropeisk. Kurdisk (indoeuropeisk) har t.d. type A i presens og type B i preteritum.